



Kursdeltakarane Nils Nåsen og Aud Karin Løfall – med redningsbøye frå den historiske båten Solfjell og ein gamal sko som motiv. Skoen er laga av far hennar - Adolf Bjelland! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag kveld vart det sett punktum for fotokurset som Uskedalen Utvikling heldt i Gamleskulen og konklusjonen var klar frå både arrangør, lærarar og elevar: Det var eit godt kurs i eit veleigna lokale, som bør nyttast til fleire kurs.

Dei 11 deltakarane verka godt fornøgde med det dei hadde lært på 13 timar fordelt på tre dagar og dei som skal delta på neste kurs same staden har all grunn til å glede seg. Det skal haldast 6., 8. og 10. mars og lærarar er dei same – Atle Helland og Ivar Langeland.

- Ikkje minst var det fint at vi fekk så stor skilnad i alder på deltakarane, frå 15 til 72 år, seier Atle og Ivar, som også har to fullteikna kurs på Halsnøy framfor seg.

Laurdag var det meininga at deltakarane skulle fotografera i Fjellandsbø-området, men det tillet ikkje vergudane. Difor måtte dei ty inn i Bøkkerverkstaden og Bygdetunet på Rød og det var inga dårleg erstatning. Der var det mange spanande detaljar å hvila kamera-auga på.

Dei la inn tre bilete kvar på pc-ane laurdag og måndag kveld kom turen til fotoshop-bearbeidinga. Kvar av deltakarane printa ut det biletet dei tykte best om og dei hadde all grunn til å vera fornøgde med resultatet.

Av Ola Matti Mathisen